



Berit Harriet Døssland satsar på beiterydding. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Berit Harriet Døssland er innvilga eit tilskot på 49.760 kroner av SMIL-midlar til rydding av 40 dekar beite, 700 meter gjerde, ein trappeovergang og to grindar.
Kostnadsoverslaget er på 124.400 kroner og tilskotsatsen 40 prosent.**

Dette er vidareføring av eit omsøkt prosjekt frå 2006 og 2007. I 2006 vart det løyvd 15.000 til 500 meter gjerde, 800 kroner til to grindar og ein trappeovergang og i 2007 40.000 til beiterydding.

Kommunen opplyser at dei grunna store søknadsmengder finn berre å kunne løyva midlar til deler av tiltaket.

Dette gjeld midlane som kommunen har fått til spesielle miljøtiltak i landbruket, nærings- og miljømidlar i skogbruket, investeringstilskot til beite og områdemidlar.

Løyvinga for dette året er 1.213.148 kroner. Det har kome inn 34 søknadar om SMIL-midlar, fleire søknadar om NMSK-midlar og tre søknadar om områdemidlar, opplyser saksbehandlar Tore Eik.

Av Ola Matti Mathisen